

OPPGÅVER TIL «– HAR EG VERKELEG LESE SÅ FORT?»



Før du les

Sjå nøye på bildet, og diskuter desse spørsmåla. Først med læringspartnaren din, deretter med resten av klassen.

1. Kva ser du på bildet? Skildre det du legg merke til.
2. Ser du noko uvanleg eller overraskande i dette bildet?
3. Kva trur du denne saka handlar om?

Språkoppgåve: Ordklassar

Sorter desse orda frå teksten i rett kolonne:

Konsentrasjon

Lese

Lekser

Bokstavar

Morsom

Slitsamt

Stressa

Motivere

Bladde

Snøggleik

Verb



Substantiv



Adjektiv



Finn svaret i teksten

a) Kva slags problem hadde Viola med lesing?

b) Kvifor vart det krangling mellom Viola og mora hennar?

c) Kva viste testen som Viola tok i fjerde klasse?

d) Korleis fungerer VR-brillene som Viola brukte?

e) Kor lenge måtte Viola trene før ho var ferdig med programmet?

Kreativ oppgåve

Lag ei brosjyre som reklamerer for VR-brillene som hjelper barn med leseproblem.

Brosjyra bør innehalde:

- Ei fengjande overskrift
- Informasjon om kva brillene gjer
- Korleis brillene fungerer
- Eit bilete eller ei teikning av brillene

Her kan du tegne
brosjyren din



Diskusjonsoppgåve

Samarbeid i mindre grupper. Diskuter desse spørsmåla. Del så med resten av klassen.

- A) Trur du teknologi som VR-briller kan hjelpe med andre typar læring? Kva for nokre?
- B) Korleis trur du skulen vil vere i framtida med meir teknologi? Vil det vere positivt eller negativt?

FASIT

Språkoppgåve: Ordklassar

Konsentrasjon: Substantiv

Slitsamt: Adjektiv

Lese: Verb

Stressa: Adjektiv

Lekser: Substantiv

Motivere: Verb

Bokstavar: Substantiv

Bladde: Verb

Morsom: Adjektiv

Snøggleik: Substantiv

Finn svaret i teksten

a) Viola hadde problem med konsentrasjonen, og det var som om bokstavane kunne flyte frå kvarandre når ho las.

b) Det vart kringling fordi Viola ikkje ville lese, medan mora prøvde å lokke henne til å lese meir.

c) Testen viste at Viola ikkje hadde dysleksi, men at ho hadde problem med konsentrasjonen.

d) VR-brillene viser eitt bilete for kvart auge, og bileta går inn og ut av kvarandre slik at auga vert tvinga til å tilpasse seg. Dette trenar samsynet.

e) Viola var ferdig med treninga etter litt over sju månader.



RELEVANTE KOMPETANSEMÅL

Norsk (etter 4. trinn)

- Bruke fagspråk om setningsoppbygging og bøyning av verb, substantiv og adjektiv i samtalar om språk og om egne og andre sine tekstar

Språkoppgåva gjev elevane moglegheit til å jobbe med ordklassar og utvikle si grammatiske forståing.

- Kombinere ulike uttrykksformer i samansette tekstar

Den kreative oppgåva krev at elevane lagar ei brosjyre som kombinerer tekst og visuelle element.

Norsk (etter 7. trinn)

- Bruke fagspråk og kunnskap om ordklassar og setningsoppbygging i samtale om egne og andre sine tekstar

Språkoppgåva med ordklassar utfordrar elevane til å bruke grammatisk fagspråk på eit høgare nivå.

- Utforske og skildre samspelet mellom skrift, bilete og andre uttrykksformer og lage egne samansette tekstar

Brosjyreoppgåva krev at elevane utforskar samspelet mellom tekst og visuelle element i ein samansett tekst.

Naturfag (etter 7. trinn)

- Reflektere over korleis teknologi kan løyse utfordringar, skape moglegheiter og føre til nye dilemma

Diskusjonsoppgåva om teknologi i skulen lèt elevane reflektere over både moglegheiter og utfordringar knytt til ny teknologi i læringssamanheng.